

Modalen kommune  
Postboks 44  
5729 MODALEN

**Vår dato:** 07.06.2023

**Vår ref.:** 202308615-2 Oppgi ved kontakt

**Dykkar ref.:**

## **300 kV Refsdal-Modalen. Høring av detaljplan for spenningsoppgradering av eksisterande leidning**

**I brev datert 19. mai 2023 mottok Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) detaljplan frå Statnett SF for spenningsoppgradering av eksisterande 300 kV kraftleidning Refsdal-Modalen til 420 kV. Kraftleidninga går gjennom Vik, Vaksdal, Voss og Modalen kommunar, Vestland fylke. No sender vi detaljplanen på høring, og ber om at fråsegner vert sendt til NVE innan 30. juni 2023.**

### **Konsesjonen ligg fast**

Løyve til spenningsoppgradering av 300 kV kraftleidninga Refsdal-Modalen til 420 kV er gitt i NVE sitt vedtak datert 7. november 2022. Konsesjonen ligg til grunn for denne høringa, og difor er ikkje sjølve konsesjonsspørsmålet gjenstand for ny høring. Gjeldande konsesjon og oversendingsbrev for tiltaket er lagt ved.

### **Kva inneheld detaljplanen som NVE godkjenner og følgjer opp?**

Eit av krava i anleggskonsesjonen er at det skal utarbeidast ein detaljplan (tidlegare kalla miljø-, transport- og anleggsplan (MTA)). Ein detaljplan er ein plan for korleis anlegget skal byggjast for å ivareta krava i konsesjonen. Detaljplanen skal og konkretisere korleis Statnett SF skal byggja og drive anlegget, slik at miljø og landskap vert teke best mogeleg i vare. Planen skal utarbeidast i kontakt med aktuelle kommunar, grunneigarar og andre med rettar i tiltaksområdet.

Detaljplanen skal vere godkjent av NVE før arbeida tek til, og det er denne planen vi sender på høring. Dokumenta finst vedlagt.



## **NVE fører tilsyn av anleggsarbeidet**

Bygging av anlegget er underlagt offentlig tilsyn, og tilsynet vert utøvd av NVE. NVE vil føre tilsyn med at arbeida skjer i samsvar med konsesjonsvilkår og godkjende planar. Vi vil og føre tilsyn for å følgje opp at anleggsområda vert forsvarleg rydda og istandsett. NVE kan gjennomføre inspeksjon for å kontrollere at tiltaket og sluttresultatet er i samsvar med konsesjon og godkjend detaljplan. Vi ønskjer eit godt samarbeid med kommunane, og vil eventuelt invitere kommunane til å delta på desse inspeksjonane.

## **Kva ønskjer vi tilbakemelding på frå høyringspartane?**

Spenningsoppgradering av eksisterande 300 kV Refsdal-Modalen til 420 kV er nyleg konsesjonshandsama, og de blei orientert om vedtaket i brev av 7. november 2022, sjå vedlegg. I denne høyringa ønskjer vi tilbakemeldingar frå høyringspartane på vedlagde detaljplan.

## **Forholdet til plan- og bygningslova**

Energianlegg med konsesjon etter energilova er med heimel i forskrift om byggesak § 4.3 unntatte frå byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova.

## **Frist for fråsegn**

Vi ber om at fråsegner til detaljplanen vert sendt til NVE innan **30. juni 2023**.

Send fråsegner inn via e-post til [uttalelse@nve.no](mailto:uttalelse@nve.no). Merk e-posten med «Fråsegn» og saksnummer 202308615 emnefeltet. Oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga dersom du representerer ei verksemd.

## **Konsesjonæren sitt ansvar**

Vi ber Statnett om å varsle grunneigarar/dei som har rettar i området som vert råka av tiltaket og samtidig å informere om fristen for fråsegn.

Statnett har ansvaret for å avklare privatrettslege forhold med dei som har rettar i tiltaksområdet, og for å innhente nødvendige løyve etter anna lovverk før arbeida kan starte.

Med helsing

Anne Johanne Kråkenes  
seksjonssjef

Matilde Anker  
seniorrådgivar

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i høve til interne rutinar*



**Mottakarliste:**

VAKSDAL KOMMUNE

Modalen kommune

VIK KOMMUNE

Stølsheimen verneområdestyre

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

VOSS HERAD

**Kopimottakarliste:**

STATNETT SF